

## **Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet**

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av SV, A KrF, S, V, MDG, FNB, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmogleheter for barn med innvandrarbakgrunn.»

### **Avrøysting**

Fylkesordførar la innstillinga frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering til grunn.

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing. Før fylkesutvalet gir uttale, skal hovudutval for kultur, idrett og integrering gi innstilling til fylkesutvalet i saka.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.
6. Fylkestinget ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmogleheter for barn med innvandrarbakgrunn.